



Riksantikvaren - Samfunnsavdelinga
Postboks 8196 Dep.
0034 OSLO

Kopi.

**KULTURHISTORISKE LANDSKAP AV NASJONAL INTERESSE I HORDALAND-
HØYRING AV FRAMLEGG TIL OMRÅDE**

Kommunestyret i Bømlo handsama 22.09.2014 kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Hordaland-høyring av framlegg til område. Det vart samrøystes gjort slikt vedtak:

1. Bømlo kommune er positive til at to område i Bømlo er registert som kulturhistorisk landskap med nasjonal interesse.
2. Bømlo kommune er opptekne av at alle registreringar som vert gjort i kommunen er avgrensa slik at dei aller viktigaste registrerte områda kan visast i arealdelen i kommuneplanen.
3. Område Aga, Agasøster, Rolvsnes og Klubbo på Goddo er ikkje etter Bømlo kommune sitt syn ein naturleg del av Fitjarøyane og skal takast ut av område.
4. Område 4. Søre Bømlo- Hespriholmen- Langevåg er svært stort og skal avgrensast. Landskapet i den delen av Langevågsområde som ligg austom fylkesvegen har mindre tilknytning til grønsteinproduksjonen og skal difor kunne takast ut av område. Dette gjeld område frå Hovlandshagen industriområde- Langevåg- Vorland til og med Andal. Endeleg fastsetting av grensene for kulturhistorisk landskap i Bømlo skal gjerast i dialog med Fylkeskommunen.

Med helsing

BØMLO KOMMUNE

Njål Gunnar Slettebø
Landbrukssjef

Kopi av vedtaket vert sendt til Hordaland Fylkeskommune, Kulturminneavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen